

Referat frå SMU/SU Foldnes skule 18.10.2021

Medlemmar i SMU og SU ved Foldnes skule dette skuleåret:

Frå elevrådet:

Leiar: Mariell (7a).

Nestleiar: Isak (6b).

Vara: Christoffer I (7b) og Sarah (6a).

Frå lærarane:

Siren Lillebø, Linda Sæterli, vara: Toril Kvalheim og Åsta K Kaspersen.

Frå andre tilsette:

Ann Elin Street, vara: Anne Grethe Kvervsøy.

Frå FAU:

Alma Tennebø (leiar FAU) og Ingrid Marie Lie Soldal (nestleiar Fau).

Vara Estapan Menese og Linda Sætervik.

Frå kommunen:

Stein Lund (politisk representant), vara Ernst Einarsen (politisk representant).

Ragnhild Knudsen Magerøy (rektor), vara Espen Hanuren (avdelingsleiar mellomtrinn/elevrådsleiar).

Møtte: Mariell, Isak, Siren, Linda, Ann Elin og Ragnhild

Meldt fråfall: Stein og Alma

Møtte ikkje: Ingrid-Marie

Konstituering SMU og SU:

Alma Tennebø leiar SMU/SU, vara: Ingrid Marie Lie Soldal

Ragnhild Knudsen Magerøy referent

Møterekke:

29. november, 7. februar, 25. april – alle dager SMU kl. 18.00 og SU kl. 18.45 i administrasjonen.

SMU

Saker frå elevrådet:

1. Elevrådet er veldig nøgd med at sonefrie friminutt ble gjeninnført i dag.
2. Elevrådet ønskjer at elevgarderoba til 2. trinn blir raskt ordna. Rektor informerer om at det jobbast med garderoba, men at tørking etter vasslekkasjen tek tid. I mellomtida nyttar 2. trinn gymgarderoba, noko som medfører at ingen kan dusje etter gym.
3. Elevrådet sitt største ønskje er at FAU organiserer elevkvelder for 4. tom 7. trinn. Dei vil ha mobilfrie elevkveldar, der telefonen ligger heime. Elevane avtalar hentetid med foreldre på førehand.
4. Elevrådet har ønskje om basketstativ og nye håndballmål. Kunne FAU tenke seg å bidra med pengar til dette? Om ein berre vil bidra til ein tin, står baskesketstaiv først på ønskelista.
5. Elevrådet ønsker eit søppelspann på skuleplassen. Klassen som har ryddeuke kan stå for tømning av spannet. Rektor sjekker med eigedomsavdelinga om dette er noko som let seg gjere.

6. Mange elever frå 5. og nedover syns Casperstolene er harde å sitje på. Elevrådet foreslår at det kan lagest pute eller sitjeunderlag i kunst og håndtverk. Rektor informerer om at 5. trinnet ved fornying vil få dei samme stolene som 6. og 7. trinn har.
7. Oppmerking av ballbingen: Elevrådet ønsker keeperområde, midststripe etc. Rektor snakker med vaktmester om dette.

Informasjon frå skule:

1. Orientering av friminutta dette skuleåret: Det har så langt vore sonedelte friminutt i tråd med at skulen har vore på gult nivå i høve trafikklyset. Sonene blei oppheva i dag til stor glede for elevane. Dei tilsette har framleis inspeksjon i den sona som trinnet har nytta og tanken er i det vidare at elevane då veit kvar deira trygge vaksne er om dei treng dei ila friminuttet.
Det er oppretta saksa friminutt dette skuleåret noko som medfører større tumleplass i skulegarden for kvar elev. Småtrinnet gjennomfører sine friminutt før mellomtrinnet kjem ut.
2. Trivselsundersøkingar:
Elevundersøkinga på mellomtrinnet vert gjennomført i starten av november. SMU vil kunne gå gjennom resultata på møte i februar.
Elevsamtalar og digital Spekterundersøking vert rutinemessig gjennomført i klassane i september/oktober.

Pga fråfall blei det ikkje gjennomført noko SU-møte denne gongen. Det var heller ikkje meldt inn saker.

Minner om at om ein ikkje kan stille på møte må ein sjølv syte for at vara kan stille på møtet.

Ragnhild Knudsen Magerøy
referent